



Klubbleiar Børre Brede håpar og trur at Eidsvik skal klara seg. (Foto: Kvinnheringen)

Sjølvm om Eidsvik Skipsbyggeri er i ein vanskeleg situasjon ser dei tilsette ikkje svart på situasjonen.

Klubbleiar og hovudtillitsvald for dei organiserte i Fellesforbundet Børre Brede seier at dei prøver å sjå så positivt som råd er på framtida.

Klubben har vore informert om situasjonen heile vegen.

- Me har vore med i prosessen og er fornøgde med informasjonen, seier Brede

- Korleis opplever de situasjonen, spør Kvinnheringen.

- Sjølv sagt kjenner me oss utrygge når bedrifta me er tilsette i har tapt mykje pengar. Men me ser muligheter for å koma vidare. I fellesskap med leiinga prøver me å finna ut korleis problema kan løysast og korleis me kan koma oss vidare.

Verftet har snart eksistert i 80 år og me er stolte over dei skipa me har levert og vil gjerne at verftet skal leva vidare.

Me kjenner oss trygge på at leiinga gjer det som kan gjerast kan for å få det til, seier Brede.

Tredjeparten av dei mellom 50 og 60 tilsette er no utleigde til andre bedrifter i nærområdet, Fusa og Sauda. Vekependlarane arbeider lange dagar frå måndag til torsdag og har fri resten av veka.

Omlag 10 mann arbeider med davitproduksjon i Uskedalen. Leiinga prøver å auka denne delen av produksjonen og få andre oppdrag, men det er ikkje så lett på kort sikt. Men generelt er det stor aktivitet i bransjen og fleire bedrifter har bruk for nye medarbeidarar. Trass i vanskane har Eidsvik mista få medarbeidarar som har gått til andre bedrifter